



## Notat

Dato: 03.01.2019  
Arkivsak: 2019/99-1  
Saksbehandlar: eveaul

---

Til: Utval for miljø og samferdsel  
Fylkesutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### **Ekstraløyving til trafikksikring i 2019. Fordeling av midlar og plan for tilskotsordning.**

#### **Bakgrunn**

Gjennom vedtak av budsjett for 2019 (i politisk sak PS 106/2018) har fylkestinget løyvd 42 mill. kr. ekstra til trafikksikring. I saksprotokollen står det følgjande om ekstraløyvinga, under overskrifta «Trygg skuleveg og punktutbetring»:

*«Fylkestinget aukar løyvingane til vedlikehald og til mindre investeringar på vegnettet såkalla «punktutbetring» for å medverka til tryggare skulevegar og til meir satsing på samarbeidsprosjektet «Hertesone» saman med Trygg Trafikk og kommunane. I tillegg skal løyvinga gje oppstart for trafikksikringstiltak i Kvamsbrekka i Lindås, Langhøyane på Radøy og Matre bru i Kvinnherad.»*

I tabell like under står følgjande:

*«Trygg skuleveg og punktutbetring, søkbar pott».*

#### **Målet med denne saka**

For å sikra at me får utretta mest mogleg for midlane i 2019, bør fordeling av ekstraløyvinga, samt ramme og plan for tilskotsordninga få ei rask avklaring. Fylkesrådmannen tolkar det slik at bestillinga gjennom budsjettvedtaket er relativt klar, og at det er innanfor det administrative handlingsrommet å detaljera bruken av ekstraløyvinga, samt plan for tilskotsordninga. Denne saka skisserer ei løysing som fylkesrådmannen vonar er i tråd med intensjonane i budsjettvedtaket.

#### **Fordeling av ekstraløyvinga**

Budsjettvedtaket gjer det klart at søkbare midlar inngår i ekstraløyvinga. Samstundes er det ikkje naturleg at heile løyvinga vert nytta til ei tilskotsordning, då vedtaket peikar på tre konkrete stader ein ønskjer å få gjennomført trafikksikringstiltak. Fylkesrådmannen vil føreslå ein eigen pott til fordeling mellom tiltak i Kvamsbrekka, Langhøyane og Kvednabekkjen bru på Opstveit i Matre (i vedtaket kalla «Matre bru»), åtskilt frå tilskotsordninga. Det inneber at dei aktuelle kommunane ikkje skal søkja om tilskot til desse tiltaka. Vidare føreslår fylkesrådmannen at Hertesone vert del av tilskotsordninga for trygg skuleveg og punktutbetring, og at vilkår og retningsliner for tilskotsordninga vert tilpassa dette.

**Fylkesrådmannen føreslår følgjande fordeling av ekstraløyvinga:**

Kvamsbrekka, Langhøyane, Kvednabekkjen bru	22 000 000
Trygg skuleveg, Hjertesone og punktutbetring	20 000 000
<b>SUM</b>	<b>42 000 000</b>

Dersom det er tilskotsmidlar som er tildelt gjennom tilskotsordninga tidlegare år, og som ikkje vil verta nytta, vil desse bli overført til ramma for tilskotsordninga i 2019. Endeleg oversikt over status for tidlegare tildelingar vil vera klar til utlysinga for 2019.

**Kostnadsoverslag for namngitte tiltak**

Per no er det for tidleg å gi eit godt overslag over kva trafikksikringstiltaka i Kvamsbrekka og ved Kvednabekkjen bru vil innebere av kostnadar samla sett, og kva ein kan venta seg av forbruk for 2019. Fylkeskommunen vil gå i dialog med Statens vegvesen og kommunane for å avklara omfang, val av tiltak og moglege kommunale bidrag.

Lindås kommune tatt på seg å betala for ei grunnundersøking i Kvamsbrekka, som vil gi eit betre bilet av kostnadar og moglege tiltak. Grunnundersøkinga skal etter planen verta gjennomført i februar. Etter synfaring med kommunen, Statens vegvesen og samferdselsavdelinga 22. oktober 2018, er det semje om å sjå på punktutbetringstiltak for prioriterte delar av vegstrekninga.

Ønskje om utbetring av bru over Kvednabekkjen har tidlegare vore fremma av Matre bygdalag i e-post 25. mai og 10. august 2018, og vidare som oversendingsforslag til fylkesrådmannen i fylkesutvalsmøtet 30. august 2018, gjennom Senterpartiet ved representant Benthe Bondhus<sup>1</sup>. I samband med førespurnaden frå bygdelaget bad Hordaland fylkeskommune Statens vegvesen om ei vurdering av tiltaket. I sitt svar, dagsett 14. august 2018, skrev vegvesenet følgjande om kostnadar:

*Det er vanskelig å anslå kostnaden for å utvide vegen over Kvednabekkjen uten å ha gjort ytterligere undersøkelser. Dersom dette er en fiskeelv kan det også påløpe kostnader til miljøtiltak. Erfaringstall fra tilsvarende tiltak er fra 1 mill. kr og oppover.*

Etter spørsmål frå fylkeskommunen har Kvinnherad kommune, i svar dagsett 21. september 2018, sagt seg positive til å vurdera bidrag inn i eit spleiselas, etter at forslag om tiltak med kostnadsoverslag ligg føre<sup>2</sup>.

Det er venta at trafikksikringstiltak ved Langhøyane vil vera relativt lite i omfang og kostnad. For dei tiltak i Kvamsbrekka og ved Kvednabekkjen bru vil ein sjå etter tiltak som gir god trafikksikringsverknad, og samstundes har ein overkomeleg kostnad. Ei samla, definert ramme for tiltak i Kvamsbrekka, Langhøyane og Kvednabekkjen, vil gi eit kontrollert forbruk for 2019, sikra at tiltaka vert lagt på eit forsvarleg økonomisk nivå og gjera det enklare å disponera midlane mellom tiltaka etter kvar behova er størst.

<sup>1</sup> Oversendingsforslaget vart svart ut gjennom referatsak RS 158/2018 i fylkesutvalsmøtet 25. oktober 2018.

<sup>2</sup> Hordaland fylkeskommune har også innhenta informasjon frå Sunnhordland kraftlag. I svar dagsett 7. september 2018, stiller dei seg positive til utbetring og til å vurdera ei forskotering av tiltaket, men dei ønskjer ikkje ei leiande rolle i det vidare arbeidet.

## Plan for tilskotsordninga

Den søkbare potten vert lyst ut som *ei* tilskotsordning, men med to føremål:

- 1) Trygg skuleveg og Hjertesone
- 2) Punktutbetring

Tidsskjema for utlysing, handsaming og vedtak om tildeling følgjer:

Mnd.	Prosess
Jan.	Førehandsvarsel om utlysing til kommunane, veke 1 eller 2
	Meldingssak om fordeling av ekstraløyving + plan for tilskotsordning. MISA 16/1. FUV 31/1.
Feb.	Utlusing fredag 1. februar
	Søknadsfrist fredag 25. februar
Feb.-Mars	Faglege vurderingar og sakshandsaming
April	Innstilling om tildeling, FTU 2. april
	Vedtak om tildeling, MISA 10. april

Prosesssen i tabellen ovenfor liknar oppleget for utlysing i 2018. Tidsskjemaet er lagt opp etter føresetnad om at 1) saka må opp i fylkesutvalet, og at 2) offisiell utlysing ikkje bør koma før etter politisk handsaming. Sistnemte inneber kort søknadsfrist. Det er difor lagt opp til å senda ut eit førehandsvarsel til kommunane, for å gi dei tilstrekkeleg tid til å førebu søknadane.

Det er tenkt at den søkbare potten skal fordelast likt mellom føremåla, under føresetnad av at det kjem inn gode søknadar til begge føremål.

### Kva kan det søkjast om?

For føremål «Trygg skuleveg og Hjertesone» kan det søkjast om:

- Tilskot til fysiske tiltak for trygg skuleveg på fylkesvegnettet.
- Tilskot til fysiske Hjertesone-tiltak i skulen sin randsone, både på kommunal veg og fylkesveg.

For føremål «Punktutbetring» kan det søkjast om:

- Tilskot til punktutbetringstiltak på fylkesvegnettet.
- Tilskot til utbetring av eksisterande fylkesveg, inkludert utbetring og etablering av tilbod til mjuke trafikantar

### Vurderingskriterium

Tiltaka kommunane søker om vil verta vurdert etter følgjande kriterium:

- Tiltaka vert vurdert etter i kva grad dei bidrar til Hordaland fylkeskommune sine satsingsområde innan trafikksikring. Dei mest relevante satsingsområda er:
  - o Møte- og utforkøyringsulykker utanfor tettbygde strøk
  - o Mjuke trafikantar i regionsenter og langs skuleveg
- Tiltaka vert vurdert ut frå eit kost-/nytteperspektiv. I dette inngår:
  - o Fagleg vurdering av trafikksikkerhetsverknaden
  - o Behovet for å gjennomføra trafikksikringstiltak på aktuell stad (ut frå risiko)

- Venta kostnad ved tiltaket
- Om mange eller få vil dra nytte av tiltaket (relativt sett)
- Tiltaka vert vurdert etter kvaliteten på plangrunnlaget, og om det er realistisk å få gjennomført tiltaka innanfor plan- og tidsramma.
- Tiltaka vert vurdert etter risiko for kostnadsoverskridinger, då større overskridinger skapar usikkerheit om tiltaka vil vera gjennomførte.

Det er ein føresetnad at kommunane rettar seg etter dei vilkår og retningslinjer som gjeld for tilskotsordninga. Desse vil kome fram av utlysing og søknadsskjema. I tida fram mot utlysing vil vilkår og retningslinjer vera gjennomgått og oppdatert.